



Uskedelinger på Gult kurs: Hans Fredrik G. Zimmer (fremst), Jostein Bauge og Kaja Døssland. (Foto: Thor Inge Døssland).

Ni uskedelinger har nyleg vore på musikksummerkurs i Ølensvåg.

”Det er så gøy at eg har ikkje hatt tid å ringja før”, var meldinga eit foreldrepar fekk frå kurset på Lundeneset siste kvelden.

Dette utsagnet beskriv nok tydeleg korleis deltakarane opplever summerkursa til NMF. Innhaldet i desse kursa er ein flott miks av muskalsk utvikling og sosiale aktivitetar. Her får ein musikkundervisning tilpassa eige nivå av unge og særskild dugande, handplukka instruktørar, men i tillegg vert det tid til sandvolleyball-turnering, fotballkampar, bading, daglege romkonkurransar samt festmiddag og diskotek siste kvelden. Ikkje rart dei trivst!

Viktigast er det likevel at dei treff jamaldringar med same interesse, og verdfulle vennskapsband vert knytte. Dei fleste som har vore ein gong, kjem att år etter år om dei får det til å passa i ferieplanane elles. Dei påstår at di fleire kurs dei har vore på, di kjekkare blir det. ”Det er så gøy! Vi treffer berre greie folk på summerkurs,” var det ein som sa etter avslutta kurs.

Uskedal skulemusikk har hatt deltakarar på desse kursa dei tre siste åra,- dei to siste åra har dei vore eit av korpsa som har flest deltakarar på Lundeneset. Dette er viktig for utviklinga til korpsa som heilheit og for kvar einskild musikar. Når dei kjem heim frå summerkurs er dei ”sprekkeferdige” av inspirasjon.

Desse var på summerkurs frå Uskedal skulemusikk i år:

Gult kurs (10-11år), Lundeneset: Jostein Bauge(baryon), Hans Fredrik G. Zimmer(baryton) og Kaja Døssland(kornett)

Rødt kurs (12-13 år), Lundeneset: Kristine Ludvigsen, Ingvill T. Sture, Vegard Døssland(alle kornett), Birgitte Hjelmeland(horn) og Thomas Halvorsen(tuba)

Blått kurs (14-16 år), Klepp: Bjørn Naterstad(trombone)

På alle dei tre kursa vart det levert imponerende avslutningskonsertar. På Gult kurs var tema ”I Dovregubbens Hall”. Ved hjelp av trolsk og variert musikk, gode kulissar og kostymar samt effektfull lyd- og lyssetjing følte vi verkeleg dei tok oss med inn i Dovregubbens Hall. Nemast må det at Hans Fredrik hadde solistoppgåve som han kom kjempeflott i frå.

På Rødt kurs tok dei oss med på ei musikalsk rundreise i verda der vi m.a. fekk oppleve samba og afrikanske rytmer, ballade og hard-rock ypparleg framført av det store orkesteret.
På Blått kurs var New Orleans i sentrum. Her vart det servert svingande jazz og blues på ein måte som gjorde at det ifølgje rapportane gjekk Sildajazzen ein høg gang.
Når ein sit i salen på desse konsertane skjønar ein godt at stadig fleire søker på sommarkursa. Her er det verkeleg kvalitet og speglede!

Av Thor Inge Døssland



Thomas Halvorsen og dei sju andre på tuba bidrog med skikkeleg grovmessing-klang på konserten. (Foto: Thor Inge Døsland)